

Rapport

Idrettscampus Bergen 2018



**IDRETTSCAMPUS
BERGEN**

Styrke i samspel



Kven er vi og kva gjer vi?

Idrettscampus Bergen (ICB) er ei satsing på tvers av Hordaland fylkeskommune (HFK), Bergen kommune (BK), Hordaland idrettskrets (HIK), Olympiatoppen Vest (OLTV), Sportsklubben Brann (SKB), Universitetet i Bergen (UIB), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Helse Bergen (HUS). Vårt mål er å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse, gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling- og formidling. Vi tar framtidens store helseutfordring, inaktivitet, på alvor.

Vår visjon er **styrke i samspel**. Vi samhandlar på tvers av både organisasjon, fag og etatar. Vi spelar på kvarandre sine styrkar, deler kompetanse og lærer av kvarandre. Saman skapar vi eit kraftsenter innan idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland.

Vi har ein felles verdiplattform som alle har vore med å forme. Dette er ein suksessfaktor når så mange ulike organisasjonar og kulturar skal samarbeide. Når vi møtes på Idrettscampus Bergen plattformar så har vi til felles at vi skal vere **opne, inspirerende, kompetente og nyskapande**.

Gjennom Idrettscampus Bergen har vi 10 ulike satsingsområde vi opererer innanfor. Desse er idrettsfagleg kompetanse, folkehelse 0-100, forskning og utvikling, treningsfasilitetar, testlab, utdanning, kurs og formidling, medisinsk kompetanse, antidoping og arrangementskompetanse. På tvers av desse har vi fleire prosjekt som går. I prosjekta samlar vi spisskompetanse på tvers av organisasjonane. Vi skapar ein **møteplass** for desse personane der vi ser på ei utfordring som gjerne fleire av dei kjenner på til dagen. På denne måten får vi eit 360 graders syn på samfunnet. Løysingane vi kjem fram til er meir berekraftige, gjennomtenkte og samfunnsøkonomiske enn om vi prøvde å imøtekomme utfordringane kvar for oss.

Fokus i 2018

I 2018 har fokus vore på intern og ekstern forankring og merkevarebygging. I tillegg til å fortelje om Idrettscampus Bergen internt og lokalt, har vi også vore på studietur til Elverum og Sogndal der dei har satsingar som liknar vår eigen. Meir om forankringsarbeidet og merkevarebygging kan du lese om utover i rapporten.

Det har også vore stor fokus på å få samfunnsnyttige prosjekt opp å gå i 2018. Mange involverte frå dei ulike organisasjonane har gjort ein formidabel jobb med å dele av sin kompetanse og sette i gang viktige prosjekt. Utover i rapporten kan du lese om kvar av desse og foreløpige resultat.

Grunnmuren i Idrettscampus Bergen er lagt. Vi har åtte store aktørar som drar i same retning og det er ei solid satsing av høg kvalitet. Det er store synergjar mellom desse organisasjonane, og moglegheitene for gode førebyggjande prosjekt er uendelege.

Det er tydelege ringverknader som eit resultat av at desse åtte aktørane sit oftare samla rundt same bord. Gjennom denne satsinga har samarbeidet mellom dei åtte aktørane også blitt styrka på andre område enn dei som vår strategi dekkjer.

Organisering og økonomi

Idrettscampus Bergen er per 2018 eit avtalebasert samarbeid. Dei åtte aktørane har skrivne under ein felles avtale der kvar av organisasjonane forpliktar seg til å stille kompetanse og ressursar til råde. I tillegg har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune støtta satsinga med friske midlar. Idrettscampus Bergen har ei styringsgruppe, ei arbeidsgruppe og ein dagleg leiar. Dagleg leiar er formelt tilsett hjå Hordaland idrettskrets. Det er sett ned to utval som jobbar med framtidig organisering og finansieringsmodellar. Under finn du ei oversikt over kven desse er, og kva aktivitet det har vore i 2018.

Styringsgruppe:

Anne Gine Hestetun – HFK (leiar)
Pål Hafstad Thorsen, frå 15. august - Roger Valhammer – BK (nestleiar)
Helge Johnsen – HIK
Oddvar Johan Jensen – OLTV
Eivind Lunde – SKB
Gro Anita Fønnes Flaten – HVL
Anne Sissel Faugstad – HUS
Oddrun Samdal – UIB

Arbeidsgruppe:

Randi Marie Berntsen Farnes – ICB (leiar)
Pia Mørk Andreassen – OLTV
Torhild Ness Vedeler – HUS
Knut Songve – HIK
Britt Karen Spjeld – HFK
Hanne Espe – HFK
Tor Ivar Sagen Sandvik – HFK
Birthe Haugen – HFK
Morten Kristoffersen – HVL
Ola Røksund – HVL
Frida Mathisen (mammapermisjon frå august 18)/Ellen Haug – UIB
Vibeke Johannesen – SKB
Rune Titlestad – BK
Frode Karlsen – BK

Dagleg leiar: Randi Marie Berntsen Farnes

Møter i styringsgruppe og arbeidsgruppe gjennom året:

Styringsgruppemøter dato:

16.02, 12.04, 08.08.

I tillegg hadde vi ei heildags strategisamling for styringsgruppe og arbeidsgruppe den 22.10

Arbeidsgruppemøte dato:

05.01 (heildagsmøte, 08.02, 03.04, 05.06, 04.09, 22.11

Arbeidsgruppa hadde også eit oppfølgingsmøte på strategiarbeidet den 05.12.

Organisasjonsutval og økonomiutval:

På våren vedtok styringsgruppa at det skulle settast ned eit organisasjonsutval og eit økonomiutval som fekk i oppgåve å sjå på framtidig organisering og finansieringsmodellar.

Utvala var sett saman av følgande:

Organisasjonsutval: Helge Johnsen - HIK (leiar), Torhild Næss Vedeler - HUS, Ingrid Leversen – HVL, Randi Marie Berntsen - ICB

Økonomiutval:

Eivind Lunde – SK Brann (leiar), Pia Mørk Andreassen – OLTV, Kirsti Robertsen Aarøen – UIB, Randi Marie Berntsen - ICB

Organisasjonsutvalet og økonomiutvalet hadde 2-3 møter kvar for seg og eit felles møte i perioden juni – oktober og kom fram til følgande innstilling til vidare organisering:

1. A/S
2. Avtalebasert samanslutning

Finansieringsmodell er avhengig av organisasjonsform, men det er gjort kartleggingar over aktuelle modellar.

Marknadsføring og merkevarebygging

Intern og ekstern forankring har vore viktig i oppbygginga av Idrettscampus Bergen. Det er store organisasjonar å jobbe med, men vi er kome langt på veg for å gjere Idrettscampus Bergen kjent blant våre eigne og i lokalmiljøet. Fleire og fleire aktørar på nasjonalt nivå tek kontakt for å få informasjon om modellen og samarbeidet. Under finn du ei oversikt over formelle arena kor vi har presentert Idrettscampus Bergen i 2018. For å gjere det tydeleg kven vi er, og korleis vi jobbar har vi laga ein animasjonsfilm som forklarar konseptet Idrettscampus Bergen. Førsteutkast vart klart i slutten av 2018, andreutkast vil bli ferdig i starten av 2019. Som ein del av merkevarebygginga har vi gjennom året hatt fire arrangement på Litteraturhuset i Bergen, med stor suksess. Vi har også hatt fleire konferansar gjennom året. Meir informasjon om Litteraturhuset og seminar/konferansar følger under. Ei utfordring med å vere så mange og jobbe så breidt er at media har vanskeleg for å forstå denne satsinga, og gjere Idrettscampus Bergen til tydeleg avsendar. Gjennom året har det vore fleire artiklar tilknytt Idrettscampus Bergen. Du finn ei oversikt over dei under.

Formelle arenaer kor vi har presentert Idrettscampus Bergen i 2018:

- Fylkeskulturkonferanse
- Folkehelsenettverket Bergen kommune
- Fylkesutval for opplæring og helse
- Fylkesutval for kultur, idrett og regional utvikling
- Daglegleiar møte Fana IL, IL Gneist, Smørås IL, IL Bjarg, Kalandseid IL.
- Seminar Energisenter for barn og unge
- Gjensidigestiftelsen
- Innspelsmøte ny nasjonal handlingsplan for auka fysisk aktivitet
- Innspelsmøte Folkehelsemeldinga
- Innspelsmøte idrett for menneske med nedsett funksjonsevne
- Kretsting – Hordaland idrettskrets
- Høgskulen på Vestlandet leiarmøte
- Fysioterapistudentar HVL
- SPINN – Høgskulen Innlandet, Elverum.
- Rektormøte videregående skule Hordaland
- Tverrfagleg forskingsgruppe – Idrett, helse og funksjon (HVL)
- Inkluderande idrettsliv seminar
- Nordisk fritidskonferanse
- Folkehelsekonferansen
- Kick off – Balanse nettverk
- Fylkestinget
- Komite for barnehage skule og idrett Bergen kommune
- Styrke i samspel konferanse
- Campus Sogndal og HVL avdeling Sogndal

I tillegg er Idrettscampus Bergen presentert på eit utal interne møter i organisasjonane.

Litteraturhuset

Gjennom året hadde vi fire arrangement på Litteraturhuset med aktuelle tema.

Arrangementa engasjerte, to av dei vart utseld på førehand, dei to resterande hadde 70 og 100 besøkande. Under ser du ein kort presentasjon av arrangementa og link til video:

1. **Debatt: «1-time fysisk aktivitet kvar dag, er det gjennomførbart?»**

7. desember 2017 gjorde Stortinget eit historisk vedtak om at det innførast ei ordning som sikrar elevar på 1.-10. trinn minst ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag innanfor dagens rammetimetale. Det er eit omstridt forslag som vart vedteke. Til tross for at dei fleste er einige om at meir aktivitet er positivt for elevane, er dei kritiske røystene redd for at dette grip direkte inn i lærarane sin metodefridom, og med dette detaljstyrer kva som skjer i skulen.

2. **Sofaprat: «10 000 treningstimar for å bli best, men kva med alt det andre?»**

For å bli god i noko, må treningstimane leggjast inn, men er det andre viktige faktorar som kan legge til rette for god talentutvikling, og som kan gjer at fleire held fram med idretten sin? Kva vil det sei å ha fokus på heile mennesket? Og korleis kan trenarar og foreldre i større grad ivareta dette?

3. **Sofaprat: «Generasjon utdatert?»**

Ein kveld med fokus på psykisk helse sett frå ungdommane sin ståstad. Korleis er det å vere ungdom i dagens samfunn? Korleis opplevast det å vere «på» 24/7 gjennom sosiale media? Kvar kjem prestasjonspresset frå? Kvifor rapporterast det om fleire psykiske helseplager blant ungdom? Korleis ynskjer dei å bli møtt? Kva kan vi gjere som foreldre, lærarar, helsepersonell og trenarar for å auke sjansen for at ungdom utviklar seg i ein positiv retning og har det bra?

4. **Sofaprat: «Korleis få fram talent, og samtidig ivareta mennesket?»**

For å bli god i noko, må treningstimane leggjast inn, men er det andre viktige faktorar som kan legge til rette for god talentutvikling, og som kan gjer at fleire held fram med idretten sin? Kva vil det sei å ha fokus på heile mennesket? Og korleis kan trenarar og foreldre i større grad ivareta dette?

Samtlege videoar frå arrangementet er tilgjengeleg her:

<https://www.idrettscampusbergen.no/video/>

Andre arrangement gjennom året:

- **Innspelsmøte – ny nasjonal handlingsplan for auka fysisk aktivitet i samarbeid med Helsedirektoratet på Høgskulen på Vestlandet.**
22. mars samla Idrettscampus Bergen deltakarar frå frivillige sektor, academia, helse, og det offentlege for å diskutere innhald og nye innspel. Ein engasjerande dag, der Idrettscampus også fekk vist seg fram som arrangør.
- **Seminar Inkluderande Idrettsliv:**
7. september, i samband med Landsturneringa 2018 som vart arrangert i Bergen, via vi ein heil dag til idrett for menneske med nedsett funksjonsevne. Med eit solid program sørge Idrettscampus Bergen med gode samarbeidspartar for at dette blei ein fin start på helga for 70 påmeldte deltakarar.
- **Nasjonal Folkehelsekonferanse**

16-17. oktober var Idrettscampus Bergen medarrangør av den nasjonale folkehelsekonferansen som vart arrangert i Bergen. Idrettscampus Bergen var sterkt involvert i programkomiteen. Dagleg leiar var konferansier på dag to. Idrettscampus var også ansvarleg for aktivitetar knytt til konferansen. 340 personar frå heile landet deltok. På evaluering blant deltakarar scora denne konferansen høgast av konferansane som har vore arrangert sidan 2013.

- **Styrke i samspel konferanse**

8. november arrangerte vi den aller første «Styrke i samspel» konferanse på Brann stadion. Vi samla vedtaksføre og sentrale personar i våre 8 organisasjonar, politikarar og samarbeidspartar. Vi presenterte kva vi har fått til i Idrettscampus Bergen så langt, og henta inn inspirasjon både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Konferansen fekk svært gode tilbakemeldingar.

- **Balans – eit nettverk for å få fleire kvinner inn i idretten**

Idrettscampus Bergen vart invitert med til samarbeid mellom Hordaland idrettskrets, Idrettscampus Bergen, NFF Hordaland og NHF region Vest om å starte eit nettverk for å få fleire kvinner inn i idretten. Satsinga er støtta med prosjektmidlar frå Bergen kommune og Sparebanken Vest. Vi starta med eit kick-off den 24. oktober, ca 80-100 tilhøyrarar fekk høyre inspirerande historiar frå Lise Klaveness, Vibeke Johannesen, Pia Mørk Andreassen, Helene Kubon Skulstad og Pål Hafstad Thorsen.

Mediadekning:

- «Uten dugnad stopper Norge» BA
<https://www.ba.no/debatt/idrett/dugnad/uten-dugnad-stopper-norge/o/5-8-785791>
- «Sykehusbarna skal få trene med mesteren» BT
<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/VRMOml/Sykehusbarna-skal-fa-trene-med-mesteren>
- «Alt skal vere så fint utenpå» Bergensmagasinet
<https://bergensmagasinet.no/aktuelt/alt-skal-vaere-sa-fint-utenpa/>
- «Samler Bergen på tvers» Bergensmagasinet
<https://bergensmagasinet.no/aktuelt/samler-bergen-pa-tvers/>
- «Her skulker ingen lenger gymmen» NRK
<https://www.nrk.no/hordaland/her-skulker-ingen-lenger-gymmen-1.14365181?fbclid=IwAR3Dj2JH51jVqruoU3aLjhjOegFQ8Tnyn8MLKPDChgSG38Fnhi4rGZmjTQ>
- «Fysisk aktivitet er framtidens skule» BT i tilknytning debatt på Litteraturhuset
<https://www.bt.no/btmener/debatt/i/ddplpo/Fysisk-aktivitet-er-framtidas-skule>
- «Meir fysisk aktivitet i skolen gir mindre læring» BT i tilknytning debatt på Litteraturhuset
<https://www.bt.no/btmener/debatt/i/WLewxK/Mer-fysisk-aktivitet-i-skolen-gir-mindre-laring>
- «Profilert talte for kvinner i idretten, -Ikke vær redd!» BT
<https://www.bt.no/100Sport/andreidretter/Profilene-talte-for-kvinner-i-idretten--Ikke-var-redd-263379b.html>

Prosjektportefølje

Under følger ei oversikt over våre samfunnsnyttige prosjekt.

- Forsking og utvikling Idrettscampus Bergen.....s.9
- Styrke kroppsøvingsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule.....s.10
- Knutepunktet.....s.11
- Paraidrett frå breidde til topp.....s.13
- Gjere dei beste betre.....s.14
- Arrangementskompetanse.....s.15

Forkortingar:

ICB – Idrettscampus Bergen

HFK- Hordaland Fylkeskommune

BK – Bergen Kommune

SKB – Sportsklubben Brann

OLTV – Olympiatoppen Vest

HIK- Hordaland Idrettskrets

HUS – Helse Bergen Haukeland Universitetssjukehus

HVL – Høgskulen på Vestlandet

UIB – Universitet i Bergen

NLA – NLA Høgskolen

NHF Region Vest – Norgeshåndballforund region vest

NFF Hordaland – Hordaland fotballkrets

Forskning og utvikling Idrettscampus Bergen

Prosjektgruppe

Randi Marie Farnes (leiar) ICB, Morten Kristoffersen HVL/OLTV, Nina Iren Øverberg BK, Aina Haugstad HFK, Ellen Haug UIB, Ola Røksund HVL/HUS, Anne Henriksen HVL, Silje Mæland HVL.

Bakgrunn og kort skildring

- Tverrfagleg og praksisretta FoU innan idrett, fysisk aktivitet, ernæring og helse.
- Styrke nettverket innan forskning og utvikling.
- Styrke samarbeidet på tvers av organisasjonar, fagdisiplinar og miljø.
- Auke kunnskap og stimulere til meir FOU om idrett, aktivitet og helse.

Målsettingar

- Vere eit rådgivande organ innan FOU i dei ulike prosjektgruppene i Idrettscampus Bergen ved behov.
- Vurdere og prioritere forskingsprosjekt kor ICB kan ha ei rolle gjennom involvering og eventuell finansiering.
- Vere pådrivarar og søkarar som kan løyse ut midlar til større forskingsprosjekt.
- Arrangere tverrfaglege FOU seminar med tema som er aktuelle i Idrettscampus Bergen.
- Vere døråpningar for studentar som ynskjer å skrive bachelor-/masteroppgåve eller gjennomføre prosjekt på tema knytt til Idrettscampus Bergen.

Oppnådde resultat i 2018

- Støtta FOU prosjektet «Fotballspelarar i utvikling».
 - Prosjektet er tverrfagleg, og består av tre delprosjekt med ulike forskings spørsmål: Overordna ynskjer prosjektet å undersøke: Kva kjenneteiknar de som blir best (dei som spelar på høgaste nivå etter 10 år) og kva kjenneteiknar utviklingsprosessen? Kva kjenneteiknar dei som framleis spelar fotball etter 10 år og dei som sluttar å spele fotball under prosjektperioden? Prosjektet inkluderar til saman 100 gutar som i 2018 spelar på G14-lag i Hordaland. Datainnsamling i full gang i 2018.
- Støtta FOU prosjektet «Hjelper det å hjelpe»
 - Eit forskingsprosjekt som ser på samanhengen mellom samfunnsarbeid og samhandling, der det søkast etter prososiale effektar hos idrettsutøvarar som gjer samfunnsaktivitetar. Prosjektet kartlegg korleis mottakarane opplever utøvarbesøk og korleis det verkar.
 - Rapport ferdig, svært positive funn.
 - Doktorgradsstipendiat ved BI skal forske vidare på tematikken.
 - Presenterast på OLTV sitt frukostmøte 15. februar 2019.
- Tre Masterstudentar ved UIB skriv sine oppgåver knytt til ICB.
- Delteke på inspirasjons- og informasjonsdag for forskning og innovasjon i offentleg sektor og prosjektverkstad for søknadsskriving.
- Diskutert og evaluert potensielle forskingsprosjekt.

Styrke kroppsøvingfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule

Prosjektgruppe

Randi Marie Farnes (leiar) ICB, Anne Henriksen HVL, Grethe Hillestad HIK, Tor Ivar Sandvik HFK, Ellen Haug UIB, Frode Karlsen BK, Ann Kristin Nilsen HVL, Ann-Helen Odberg HVL, Arild Boge NLA, Monica Håkansson BK fagavdeling skole.

Bakgrunn og kort skildring

- Legge eit solid fundament for god fysisk og psykisk helse gjennom heile livsløpet
- Bruke aktørane si samla spisskompetanse til å løyse utfordringane på ein ny og meir heilskapleg måte.
- Kartlegge hovudårsakene til fråfall i kroppsøvingfaget.
- Utvikle effektive modellar og tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande skole.

Målsettingar

- Tilrettelegge for naudsynt kompetanse blant lærarar som underviser i kroppsøving, gjennom ulike kompetansehevingstiltak i samarbeid med fagnettverk i HFK (vgs) og nasjonalt senter for mat helse og fysisk aktivitet (HVL).
- Opprette eit fagnettverk for kroppsøvingslærarar i grunnskulen i Bergen.
- Heve status på kroppsøving gjennom større fokus på det i det offentlige rom.
- Kompetanseheving hjå skuleleiinga.
- Involvere lærarar i skulen – kva treng dei kompetanse på?
- Samarbeide med Nasjonalt senter for fysisk aktiv læring i Sogndal.
- Styrke koplingar mellom idrett og skule.

Oppnådd resultat i 2018

- Utarbeida mandat til eit fagnettverk for kroppsøvingslærarar i grunnskulen. Denne er til behandling i Bergen kommune.
- Deltaking på dialogmøte ang fysisk aktivitet i barnehage og skule i Oslo, knytt til ny nasjonal handlingsplan for auka fysisk aktivitet.
- Kartlagt grunnar til fråfall i kroppsøvingfaget basert på innspel frå lærarar, spisskompetansen blant prosjektdeltakarar og informasjon frå forskning.
- Innlegg på rektormøte for vidaregåande skular.
- HVL har fått tilsegn på søknad om å etablere viderautdanning på 30 studiepoeng for 1.-7. klasse i kroppsøvingfaget.

Knutepunktet

Prosjektgruppe(r)

Torhild Næss Vedeler HUS (leiar) Randi Marie B Farnes ICB, Elsa-Kristine Paus Rasch HUS, Martin Solberg HUS, Gerd Dyregrov BK, Bente S Nyhammer BK, Tove Iren Vindenes NFF/NHF, Gunn Hilde Øymo HIK, Frode Karlsen BK, Guri Brekke HUS, Kari Louise Nytnun HUS, Lisbeth Doksæter HFK, Harald Hauge representant fastlegane, Sissel Riise HFK, Harald Natvik HFK, Britt Karen Spjeld HFK, Ingrid Eide HFK, Gerd Kjersti Ytre- Arne HFK, Birthe Andersen Hauge HFK, Håkon Kahrs Sjursen HFK. *Gjer merksam på at desse personane er fordelt mellom 4 ulike underprosjekt.*

Bakgrunn og kort skildring

Prosjektet har brukaren og deira familie/ venner i sentrum. Helsetenesteutvikling og koordinering av tenester rundt brukaren sine behov, vektleggast. Tverrfagleg arbeid, kvalitet, større fokus, bygge ned barrierar og kompetanseoverføring er suksessfaktorar.

Møteplassen Energisenteret, skal bidra til å opparbeide ny kunnskap om effekt av trening og fysisk aktivitet, og vil bruke areala for diagnostikk, behandling, rehabilitering, habilitering og undervisning/forskning. Vi skal bidra til å utdanne trenarar, lærarar, fysioterapeutar, helsesjukepleiarar og andre som har nytte av å lære meir om fysisk aktivitet for barn og unge med særskilde behov og gjere dei i stand til å bruke kunnskapen i nærmiljøet.

Målsettingar

Målet er at barn og unge skal få lyst til å vere fysisk aktive, trivast på trening og oppleve fellesskap med kvarandre. Alle som har relasjonar til eller oppgåver knytt til primærbrukarane skal også vere ein del av knutepunktet. Det kan vere familie, venner, helsepersonell, brukargrupper, idrettslag, lærarar, trenarar, forskarar og studentar.

Målet er å få meir kunnskap om korleis ein kan lykkast med å integrere barn og unge med kroniske sjukdommar og ekstraordinære behov og dele denne kunnskapen med andre. Senteret vil invitere til samarbeid med kommunale etatar, idrettslag og pasientorganisasjonar. Det skal vere ein stad, eit knutepunkt, der den første kontakten blir oppretta, ein ser på kva som er mogleg å få til og det kan prøvast ut før ein held fram med aktiviteten i nærmiljøet.

Denne møteplassen vil lage gode modellar for samarbeidsformer der frivillige organisasjonar og primærhelsetenesta auka kompetansen og vidarefører tilbodet i lokalmiljøet til barnet/ ungdommen. Vi vil ha store synergieffektar og pilotere tilbodet under kontrollerte former, vurdere effekt av tiltak og korrigerer, også hos den enkelte aktør som har et sjølvstendig ansvar for at prosjektet lev vidare etter prosjektperioden er slutført.

Prosjektet har to hovudoppgåver:

A: Formidling og deltaking

B: Samordning og samhandling

Prosjektet har fire underliggende prosjekt med ulike mål knytt til kvar av prosjekta:

1. Os vidaregåande skule – pilot på tilrettelegging og informasjonsflyt i kroppsøvingfaget.
2. Barne- og ungdomspsykiatri i Energisenteret (PBUEBU).
3. Treningskontaktar/Energikonsulentar.
4. Trygg overføring.

Oppnådd resultat i 2018

- Gjennomført pilot på Os vidaregåande skule for å få fleire til å gjennomføre kroppsøvingfaget og færre med legeerklæring på fritak frå kroppsøvingfaget.
- Start utarbeiding av informasjonsskriv til fastlegane om retningslinjer i med tanke på fritak i kroppsøvingfaget.
- Treningsterapi i grupper for barn og ungdom med psykiske lidningar kvar veke for pasientar som er knytt til barne- og ungdomssjukehuset. (PBUEBU).
- Gjennomført treningskontakt/energikonsulent kurs på EBU.
- Starta prosjektarbeid for trygg overføring – eit system som skal sørge for betre og meir effektiv dialog mellom spesialisthelseteneste, kommunehelseteneste og idretten/frivillig sektor.
- Open hall på EBU for å sikre rekruttering til idretten.
- Betre informasjonsflyt for å rekruttere nye deltakarar med tilretteleggingsbehov i idretten.

Paraidrett frå breidde til topp

Prosjektgruppe

Iwonka Vik OLTV (leiar), Cecilie Eriksen HIK, Silje Mæland HVL, Hanne Espe HFK, Kurt Forsberg BK, Tove Iren Vindenes NHF/NFF, Randi Marie Farnes ICB, Unni Moen HUS, Steinar Vedå utøver representant.

Bakgrunn og kort skildring

- Legge til rette for at alle med funksjonsnedsetting kan delta i idrett og fysisk aktivitet.
- Utvikle og implementere modellar og konkrete planar.
- Rekruttere menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldrar til utprøving og opplæring.
- Bidra med støtte, kompetanse og opplæring til idrettslag.

Målsettingar

- Bruke fysio og idrett studentar til å kartlegge ulike problemstillingar.
- Jobbe for å betre kriteria for tildeling for halltid for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Utvikle modell som er vinn-vinn for både topp og breidde og som stimulerar til rekruttering av nye parautøvarar.
- Seminar på Landsturneringa.
- Utvikle utstyr slik at det er meir brukarvennleg, spele på ingenørfaget.
- Samle informasjon om og utvikle verktøy som kan brukast av idrettslag, lærarar og andre.

Oppnådd resultat i 2018

- Rapport som kartlegger status på paraidrett i Bergen, med åtte punkt, og forslag til tiltak på kort og lang sikt.
- Basistrening EBU, som rekrutteringsarena og skadeførebyggande tiltak for aktive utøvarar.
- Seminar «Inkluderende Idrettsliv» gjennomført 7. sept 2018 i samband med Landsturneringa.
- Studentprosjekt Idrettsstudentar HVL som kartlegg tersklar for deltaking i idrett for menneske med nedsett funksjonsevne.

Gjere dei beste betre

Prosjektgruppe

Pia Mørk Andreassen OLTV (leiar), Morten Ivarsen OLTV, Morten Kristoffersen HVL/OLTV, Frode Karlsen BK.

Bakgrunn og kort skildring

OLTV si primære oppgåve er å følge opp unge utøvarar, såkalla morgondagens topputøvarar som satsar på å bli aller best i sin idrett. Dette blir godt tatt hand om blant anna av toppidrettslinja på Tertnes. Her i Vest spirer og gror det av store talent, men når desse når eit visst nivå, må mange reise til Oslo for å få enda tettare oppfølging. Gjennom Idrettscampus Bergen ynskjer vi no å kunne auke og spisse oppfølginga av morgondagens og dagens toppidrettsutøvarar busett i vest for å gjere de beste fleire og betre. Gjennom Idrettscampus Bergen kan vi saman legge til rette for at vi får fleire vestlendingar til OL/VM/EM gjennom god oppfølging lokalt.

Målsettingar

- Fleire utøvarar frå Vest som representerer Norge i framtidige OL/VM/EM.
- Utvikle ein pilotmodell for korleis ein best mogleg kan leggje til rette for utøvarar som ynskjer å bu på Vestlandet samtidig som dei satsar på sin idrett.
- Formidle og dele kunnskap og funn frå denne piloten med toppidrettsmiljø og andre interesserte i regionen.

Oppnådd resultat i 2018

- FOU-tiltak innan utvikling av utstyr knytt til sykkel.
- Åtte ulike tiltak er i gangsett innan FOU, styrke, teknikk/motorikk, testing og coaching.
- Idrettane som har fått oppfølging er følgande:
 - Triatlon
 - Skøyter
 - Fotball jenter
 - Friidrett
 - Padling
 - Roing
 - Paraidrett
 - Freestyle

Arrangementskompetanse

Prosjektgruppe

Kjersti Halvorsen BK (leiar), Britt Karen Spjeld HFK, Knut Songve HIK, Camilla Schutz SKB, Frode Karlsen BK, Arve Lindgren Bergen Reiselivslag, Trygve Johnsen NHF Region Vest.

Bakgrunn og kort skildring

- Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har ambisjonar om å vidareutvikle Bergen, Bergensregionen og Voss som område for større regionale, nasjonale og internasjonale idretts- og friluftsansettment. Dette krev anlegg og natur av høg kvalitet og arrangørar med kompetanse innan idrett og friluftsliv, språk, forhandlingar, media, strategisk og operativ planlegging og høg gjennomføringsevne. I tillegg vil evalueringsarbeid og ringverknadsanalysar kunne bli utvikla og gjennomført som ein del av Idrettscampus Bergen.

Målsettingar

- Vidareutvikle Bergen og Hordaland som arrangementsvertskap med vekt på internasjonale, nasjonale og lokale store idretts- og friluftsansettment gjennom strategi- og påverknadsarbeid, kompetanseoverføring, utviklingsarbeid, lokal, regional og nasjonal forankring og anleggsutvikling.
- Kompetanseutvikling gjennom å dele erfaringar frå større regionale, nasjonale og internasjonale idretts- og friluftsansettment.
- Strategiutvikling i høve til å få tildelt aktuelle arrangement og å skape nye arrangement.
- Påverke nasjonalt utviklingsarbeid innan fagfeltet.
- Evalueringsarbeid og ringverknadsanalysar.
- Identifisere og ta i bruk verktøy.
- Anleggsutvikling.

Oppnådd resultat i 2018:

- Medarrangør av den nasjonale Folkehelsekonferansen i Bergen 16-17. oktober.
- Gjennomført Styrke i samspel konferanse 8. nov 2018.
- Studietur til Smart Cities and Sport summit, Lausanne.
- Deltaking på workshop i nasjonal arrangementsstrategi.
- Arbeid med det kryssfaglige arrangementsforumet.
- Søknad om NM veka 2020/21 skrive og sendt.